



Arkivnr: 2017/610-331
Saksbehandlar: Hanne Espe, Odd Kenneth Mellingen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

Søknad frå Fedje kommune om tilskot til forlenging av båtruta i Øygarden

Samandrag

Fedje kommune har, i samarbeid med Øygarden og Austrheim kommunar, søkt om kr 150 000 i årleg stønad i tre år til forlenging av båtruta Hellesøy – Fedje.

Fylkestinget valde å legge inn eit driftstilskot på 150 000 kr i 2017-budsjettet til *Turistsatsing sykkel Hernar – Fedje*, og tilskotet vart vidareført i budsjettet for 2018. For 2019 søkte ikkje Fedje kommune om driftsstøtte innan fristen 1. april 2018. Formell søknad kom i september 2018, og vart difor avslått.

Båtruta i Øygarden er ei kort lokalbåtrute mellom Hellesøy og Hernar. Ruta har 1-3 faste rundturar kvar dag, og i tillegg 1-2 tingingsturar kvar dag. Det er i søknaden lagt opp til 2 turar kvar veg i 10 veker i sommarsesongen.

I søknaden dagsett 05.09.2018, går det fram at båtruta så langt har vore ein stor suksess, med mange nøgde reisande, og at reiselivet i regionen har hatt stor nytte av tilbodet. Dei meiner også at omdøme til øyane har styrka seg monaleg.

Det har vore politisk ønskje og vilje til å gje driftstilskot til dette føremålet. Fylkesrådmannen rår difor til at det for 2019 og vert gjeve driftstilskot til *Turistsatsing sykkel Hernar - Fedje* for 3. og siste år av prøveprosjektet.

Økonomi: Løyvingskontoen vert redusert frå 3.064.000,- til 2.914.000,-

Klima: Turistsatsinga Hellesøy-Fedje kan ha positiv innverknad på reduksjon av biltrafikk

Folkehelse: Positiv tilrettelegging for auka tilgang til fine friluftsopplevingar

Regional planstrategi: 2.4 Samarbeid i ein sterk vestlandsregion – styrke regionale transportsamband

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet gjev driftstilskot på kr 150.000,- til *Turistsatsing sykkel Hernar - Fedje* for 3. og siste år av prøveprosjektet.

Budsjettet vert endra slik;

10.720.200.00.14900 går ned med kr 150.000,-. 400.450.26.14700 går opp med kr 150.000,-.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.